

## Aktivitetsplan 2009 / 2010

Dato	Arrangement	Komite
16.-18. okt	Øvingshelg	Styret / musikkutval
17. okt	Basar	Styret
20. des	Julekonsert kirka	
27. des	Juletefest	Styret
3. jan (-10)	Nyttårskonsert	Johanne og Alice
15. -17. jan.	Øvingshelg. 2010	
29. -31. jan.	Øvingshelg. 2010	
5. ,6. og 7. feb. 2010	NM Bergen	
Våren/ sommaren 2010 langtur		

### Samla inn pengar til Redningsselskapet

Tidleg i september brukte Torskangerpoll Musikklag ein øvingskveld til å gå rundt med bøsser å samle inn pengar til Redningsselskapet. I løpet av nokre timar fekk korpset sine medlemmer inn 23.000 kroner. Ein liten del av dette går til korpset for jobben. Redningsskøytene gjer ein god jobb, og var i tillegg med på Stormfestivalen.



**BÅTBYGG**

**Canon**

**Nordea**

			2	1			
7			8		4		
	8				3	7	
3	1						
9	8	4			5	1	7
					6	8	
5	6				8		
	9		6			4	
		2	5				

**S  
u  
d  
o  
k  
u**

	3	8		6	1		
						1	6
					7		9
	1					4	5
	2			8			3
5		7					6
4			6				
7		2					
			7	9		5	2

# Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

nr. 9 16. årgang

Laussal: Gratis

Oktober 2009

## Basar på laurdag



**I år er det basar på laurdag 17. oktober (merk dagen) klokka 16.00**

Så er det klart for Torskangerpoll Musikklag sin årlege musikkbasar i grendahuset i Vågsvåg. Som vanleg er det mange fine gevinstar og premiar. Også i år blir Holvik Skulekorps med.

[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)


## Ane har fått seg katt

Etter lang tids vurdering fekk eg og mannen ei katte i sommar.

Han kjem frå Dyrebeskyttelsen og heiter Alfred. Han var nybarbert då vi fekk han på grunn av flokete pels etter eit liv som heimlaus pusekatt, og ser heller snodig ut. Han har berre pels rundt hovudet, nederst på beina og ytterst på halen. Men han seier det går fint.

Han Alfred likar mat, kvile, drikke vatn rett frå springen og å gneke seg oppette ting. Dette syns vi er greitt. Han likar også å setje seg rett framfor skjermen når vi prøvar å bruke dataen. Dette syns vi ikkje er så greitt.

Elles er han Alfred ein kjekk og grei kar, og han vil helse til allje i Våje og omegn.



## Fornøgte stormdeltakarar



Torskangerpoll Musikklag får mykje positive tilbakemeldingar etter stormfestivalen.

Dei som har sendt inn evalueringsskjema gir uttrykk for at dei har likt seg sværandes godt. Vi får skryt for program, underhalding og ikkje minst mat.


Seansen i Torskangerpoll laurdag ettermiddag får ekstra stjerner med alle som har meldt tilbake.

Mange som har vore på festivalen har tydelegvis hatt fine opplevingar. Mange korps har lagt ut bilder og reisebrev på sine nettsider.

Går du på Torskangerpoll Musikklag sine nettsider kan du sjå mange flotte bilder som stormfotograf Hans Ole Færestrand har teke.

## Fra barnemunnen:

- Pappa, hva er en buktaler?
- Det er en som snakker med magen.
- Og hva er en baktaler?
- Hmmm.....



# Musikkbasar

## Laurdag 17. oktober klokka 16.00



**i Våge/Oppedal Grendehus  
Kafeteria, åresal, loddosal, tipping,  
over/under sju, lykkehjul,  
musikk og underhaldning.  
Masse flotte gevinstar på bøkene.**

**Underhaldning ved:  
Torskangerpoll Musikklag  
og  
Holvik Skulekorps**

Møt opp til god gammaldags basarstemning på Våge-Oppedal grendehus laurdag 17. oktober. Sjå plakat hos Oldeide og i plakat-kassene. Basaren startar kl 16.00. Det er mange flotte gevinstar. Om nokon vil gje oss gevinstar gje beskjed til Eli på telefon 90773013 eller refvik13@hotmail.com, eller lever inn på basaren.

**Velkommen**